

Kasjmirull

Åse Bratland og Per Magne Eikenes vil gjennom selskapet Eikenes Sau & Silke kjøpa inn all kasjmirull i Noreg, i ein prøveperiode på 3 år f.o.m 2017.

All kasjmirull må sendast til innkjøpsleddet (Å.B og P.M.E) innan 1. juni kvart år.

Ulla må vera sortert i ull frå kvite geiter og ull fra farga geiter.

Ulla må vera turr, fri for vegetabilar, lort og smuss og ikkje eldre enn **2 år**.

Kasjmirulla vert levert samla til Telespinn, der ho vert vegen, sortert i kvalitet og prissett.

Makspris til kasjmirbonden er kr 400 pr kg + moms.

Kasjmirbønder som er medlemmer i Norsk Kasjmirlag og vil kjøpa kasjmirgarn attende, kan tinga det frå innkjøpsleddet for kr 150 + moms pr 25 g bunt.

Bønder som har seld kasjmirull til innkjøpsleddet, har fyrsteretten til å kjøpa attende ferdig spunne kasjmirgarn.

Spinnrestar vert spunne saman med norsk lammeull og det vert ein eigen operasjon som har sin eigen pris, vurdert i samråd med Telespinn.

Oset 4. februar 2017

Per Magne Eikenes

Åse Bratland